



MØTEBOK

Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar - 2020 - 2030

Utval sak	Utval	Møtedato
42/20	Utval for Oppvekst og omsorg	10.11.2020

Vedlegg:

1. Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar – 2020-2030.
2. Innspel frå brukarrepresentantar.
3. Indikator på tenester av god kvalitet.
4. Kvalitetsindikatorar.
5. Rammeavtale for samarbeid mellom NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland og Fitjar kommune, versjon 2.2
6. Ålborg modellen

Bakgrunn:

Tenester innan habilitering- og rehabilitering er ein viktig og integrert del av primærhelsetenesta. I forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator og forskrift om leing og kvalitetsforbetring, skal kommunen planlegge habilitering- og rehabiliteringsverksemnda si, og ha eit generelt oversyn over behovet i kommunen. I tillegg er det eit av regjeringa sine mål at kommunane skal ha ein oppdatert plan, jf. [Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering \(2017-2019\)](#)

Formålet med re/-habiliteringsplan er å sikre at Fitjar kommune tildeler koordinerte og rett dimensjonerte tenester til sine innbyggjarar, med hovudfokus på førebygging. Slik at når innbyggjarane tar kontakt med kommunen med behov om helse- og omsorgstenester, nyttar ein prinsippa om «Beste effektive omsorgsnivå» (BEON) jf. Fitjar kommune sin tenestestandard.

Fitjar kommune har fått øyremerkte statstilskot for å utarbeide denne planen.

Vurdering:

Samfunnsutvikling og demografi stiller auka og nye krav til helse- og omsorgstenestene i kommunen. Det vert fleire eldre og fleire som lever med kronisk sjukdom. I perioden frå 2025 og det neste tiåret vil talet på eldre over 67 år i Fitjar kommune meir enn dobla seg. Det vil utfordra dei kommunale tenestene gjennom: brukarperspektivet, omfanget på helse- og omsorgstenester, omstillingar i tenestetilbodet, arbeidsformene i organisasjonen, samarbeidet med frivillig sektor, rekruttering og profesjonar og digitalisering.

I økonomiplanen for perioden 2021-2024 har ein sett mål som ein meiner kan vera med å påverke kostnadsbiletet på tenestene både på kort og lang sikt. Fitjar kommune sine målsettingar for helse- og omsorgstenestene:

- Auka innsats på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverkar passivitet og einsemd, og slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon, dette vil gje reduserte kostnader i helse- og omsorgstenestene.
- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge og hindre utanforskap.

Habilitering og rehabilitering flyttar fokus frå sjukdom til fokus på aktivitet og deltaking. Framtida sine brukarar skal ha ei meir aktiv rolle og den nye brukerrolla føreset ei omsorgsteneste som i større grad enn tidlegare kartlegg og spør etter: kva brukarane har som mål, eller «kva er viktig for deg». Dette kan utfordra den samla kapasiteten i tenestene, men kan på sikt gje ein gevinst for at pasient/brukar når egne mål.

Habilitering og rehabilitering handlar om å læra seg å leva eit godt og sjølvstendig liv trass i sjukdom eller skade. Formålet er at den enkelte pasient og bruker, som har eller står i fare for å få begrensinger i sin fysiske, psykiske, kognitive eller sosiale funksjonsevne, skal gjevast moglegheit til å oppnå best mogleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking i utdanning og arbeidsliv, sosialt og i samfunnet. I plan for habilitering og rehabilitering har ein gått gjennom status for noverande tenester, kartlagt utfordringsbiletet, og sett samanhengar som påverkar helseutfordringar for innbyggjarar i Fitjar kommune, for så å finne aktuelle strategiar. Denne planen skildrar også rammene med sentrale føringar for kommunen sine rehabilitering - og habiliteringstenester.

Ein ser ut frå KOSTRA tala, at utgifter til kommunale helse- og omsorgstenester pr. innbyggjar i Fitjar ligg høgt i høve til andre samanliknbare kommunar. Denne kostnaden skuldast i hovudsak at kommunen har få men sær sær ressurskrevjande brukarar, og kommunen sine kostnader er ekstraordinært høge. Med ein slik ressursbruk må ein i framtida utfordra arbeidsformene og også forholdet mellom individuelle rettar og kollektive løysingar. I kommuneplanen sin samfunnsdel er dette m.a. formulert slik:

«I framtida vil ein måtte ivareta individuelle behov og retter, ved bruk av meir allmenne eller fellesskapsorienterte og kostnadseffektive arbeidsformer. Eksempelvis frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, utvikling av lågare trinn i omsorgstrappa. Kommunen må jobba førebyggjande og med dynamisk innsats. «

Planprosess

For å sikre at planen er forankra i relevante fag- og brukargrupper, vart Råd for funksjonshemma, Eldrerådet, Ungdomsrådet og tilsette i dei ulike tenestene invitert til å kome med innspel ved oppstart av planarbeidet på følgjande:

1. *Kva er dei største utfordringane i helsetenesta i Fitjar kommune og korleis møte utfordringane?*
2. *Nemn tre tiltak kommunen bør setta i verk for å ta betre vare på pasientar/brukarar.*
3. *Nemn andre aktørar som kan bidra til at pasientar/brukarar blir betre ivaretekne.*

Hovudpunkta i innspela til planen:

- Nokre tenester har for liten kapasitet eller manglar. Mykje i tenestene er bra, men i nokre høve er det svikt i fagleg kvalitet, arbeidsform og/eller organisering.
- Rolla til Koordinerande Eining i kommunen kjem ikkje tydeleg nok fram slik organiseringa har vore.
- Både brukarar og tenestene opplever svikt i samhandling internt på same nivå, eller mellom ulike nivå. Enkelttenester heng ikkje godt nok saman som ein heilskap overfor brukaren. Dette gjeld både undersøking, kartlegging og oppfølging av tiltak.

Handlingsplan

I Kommuneplanen for Fitjar kommune 2020-2040, i kapittelet om smarte og kompetente tenester er strategiane at kommunen skal:

- Ha fokus på brukaren sine ressursar
- Ha kompetente og engasjerte medarbeidarar
- Digitalisere for å effektivisere tenestene
- Bygge partnerskap mellom kommunen og omgjevnadane – kapasitetsbygging

Disse strategiane dannar grunnlag for tiltak i handlingsplanen og prioriteringar i re-/habiliteringsarbeidet i Fitjar kommune, som er å:

- Styrka kjernekompetanse i rehab. arbeidet
- Få på plass koordinerande eining (KE) i eit heilheit- orientert tverrfagleg pasient/bruker forløp
- Sikra rett hjelpemiddel til rett tid
- Styrke brukarmedverknad, på individ- og system nivå
- Ha tilbod om helsefremjande tiltak:
- Tildele tenester etter BEON-prinsippet (Best effektiv omsorgs nivå)

For å sikre samordning og heilskap i tiltak, er det nødvendig å tenkje tverrfagleg på tvers av tenestetilbod og forvaltningsnivå og gode pasientforløp og pakkeforløp. I tillegg må kommunen samarbeida med nabokommunar og Helse Fonna/Stord sjukehus.

Forslag til plan for habilitering og rehabilitering vert no lagt fram for hovudutvalet for handsaming, deretter sendt ut på høyring og endeleg handsaming i kommunestyret i februar 2021.

Framlegg til vedtak:

1. Utval for oppvekst og omsorg godkjenner forslaget til Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar kommune - 2020 – 2030.
2. Forslag til Plan for habilitering og rehabilitering i Fitjar kommune 2020 – 2030 vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist er 10.12.20.

Saksprotokoll for Utval for Oppvekst og omsorg - 10.11.2020:

Etatsjef for helse og omsorg Anne Økland orienterte om saka i møtet.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.